



Roger Kolås
Kolåsvegen 128
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1725 - 17/28914

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
04.10.2017

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket gbnr 107/5 Kolås.

Dokument:

Søknad om tilskot, kostnadsoverslag og bilder.

Søknaden:

Det vert søkt om pengar til å sette i stand ei gammal smie. Ein vil og våle ein gardsflor som står ute i beitet. Smia ligg midt i byggefeltet på Kolås. Det er ein eldre bygning som i augneblinken har falle litt saman. Ein vil sette bygningen i stand – rette opp murveggane, legge nytt tak, sette verkstaddele i opprinnelag stand. Seinare kan ein tenkje seg å gå vidare med å sett istand sjølvve smieavlen og anna innreiing, slik at det kan vere mogleg å fyre opp essen og syne fram korleis ein smidde i eldre tider.

Gardfloren vil ein rette oppmurane på og legge på tak. Floren ligg ved ein tilrettelagd rastepllass i løypa, og vil vere ei fin oppleveling.

Samla kostnadsoverslag er sett til kr.90000,- for begge tiltaka.

Eigedommen er i drift av nabo.

Vurdering:

I dei seinare åra har det vorte gjort eit stort arbeid frå grunneigarar og andre på Kolås, for å sette stiar og tuvegar i stand og gjere landskapet tilgjengeleg for folk flest. Tiltaket det her er søkt om høyrer inn under tema kulturminne og kulturmiljø. I eit tettbygd område slik Kolåsfeltet er, er det ekstra flott at slike tiltake vert sett i verk.

Tilskotprosent er 50% av godkjend kostnadsoverslag. Kommunen godkjenner kostandsoverslaget slik det ligg føre, og løyver tilskot kr.45000,-.

Vedtak:

Søknaden er handsama etter § 8 i forskrifta og det er løyvd inntil kr 45.000,- Dette beløpet utgjer eit eingongstilskot. Frist for gjennomføring av tiltaket vert sett til 1.november 2019.

Klagerett :

Vedtaket kan pålagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.



Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikke det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 månad før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetalning av tilskot:

- Utbetalning av tilskot skjer etter skriftleg oppmading frå søker (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttrekneskapet. Det kan også gjerast delutbetalning på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetalning skal det leggjast ved rekneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- **Til utbetalning vil konto 3632 10 86106 verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.**

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetalning eller sluttutbetalning skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbruksjef

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakarar:

Roger Kolås

Kolåsvegen 128 5955

LINDÅS